

KU/ROS

NYE INNSPEL

FRÅ HØYRINGSRUNDEN

KOMMUNEPLANEN 2018

Arealdel



Vurdering – Tilråding



HJELMELAND KOMMUNE



RETTLEIING

I konsekvensutgreiinga er kvart innspel vist med kart og nøkkelinformasjon og vurdert i høve til konsekvensar for miljø og samfunn. Verknadane av dei enkelte arealinnspel er stilt opp i tabell med fargeinndeling som illustrerer konfliktgraden.

Bruken av fargane er som følgjer:

	Ingen konflikt
	Middels konflikt: Bør tas omsyn til eller utredast nærare på reguleringsplannivå
	Sterk konflikt: Konflikt med statlege og regionale føringar, fareområde, sårbarheit og

VURDERING AV MILJØ OG SAMFUNN

Nr	KU-kategori	Konflikt grad med aktuell fargekode	Kommentar
1	Natur-mangfald		Viktige område for biologisk mangfald. Henta frå Naturbasen(naturtype, artar(i hovudsak raudlistearter og hjortevilt/småvilt), inngrepfri natur, vilt (lokal regi))
2	100-m beltet		Avstand til sjø og vassdrag
3	Kartlagt friluftsliv/ regionalplan		Regionalplan, lokal kunnskap + kartlagt friluftsområde 2017
4	Landskap (FK)		Landskapsvurdering - Lokal kunnskap, registreringar i rapport "Vakre landskap i Rogaland", 1995. «Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning» 2017
5	Landbruk		Lokal kunnskap, Digitalt markslagskart, ortofoto.
6	Kulturminne		Registrerte kulturminne og SEFRAK-bygg. Riksantikvaren sin database:Askeladden Kulturminneplan Hjelmeland

7	Vegar, vatn og avlaup		Tilgjengeleg vegstruktur, VA-anlegg, reinseanlegg. Vurdering av seksjon Bygg og Anlegg og IVAR
8	Barnetråkk		Kommunal registrering i 2017 på barne- og ungdomsskuler. Barna kartlagde kva område dei brukte i skuletid og fritid samt farleg skuleveg.
9	Transport/		Vurdere transportøkonomiske løysingar.
10	Klima		Vurdere energitilpassa/framtidsretta løysingar, klimaendring
11	Folkehelse/ Universell utforming		
12	Fiskeri/hav		For tiltak i/mot sjø –Fiskeridirektoratet sine kart – Yggdrasil.
13	Vannmiljø		Vurdere konsekvensar ift miljømål fastsett i Regionalplan for Vannforvaltning


VURDERING AV RISIKO- OG SÅRBARHEIT (ROS)

14	Ras/skred		Vurdert på bakgrunn av terreng og lokal kunnskap samt lokale analyser og ROS-analyser frå forslagsstillarar
15	Kvikkleire		Mulighet for marin leire – aktsomhetskart frå NVE
16	Flaum		Avstand til vassdrag og terrengform samt ROS-analyser frå forslagsstillarar.
17	Stormflo/ havnivå		Avstand og høgdeforskjell til sjø samt ROS-analyser frå forslagsstillarar.
18	Geotekniske forhold		Grunnforhold og terrengform samt ROS-analysar frå forslagsstillarar
19	Høgspent		Lokal kunnskap, kartdatabase. ROS-analyser frå forslagsstillarar
20	Trafikkfare		Lokal kunnskap om vegstandard og trafikkmengd. ROS-analyse frå forslagsstillarar
21	Forureining		Føremål med innspelet i forhold til plassering/nærmiljø.

Regionale planar relevante for arealdelen:

- Regionalplan Setesdal Vesthei Ryfylkehei og Setesdal Austhei, Heiplanen, 2012
- Regionalplan for samordna arealbruk og transport, ATP, 2016
- Regionalplan sjøareal og havbruk, 2017
- Regionalplan for byggeråstoff Ryfylke, 2013
- Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning 2017
- Regionalplan for Vannforvaltning for vannregion Rogaland, 2016-21, med tilhøyrande regionalt tiltaksprogram.

Merknad nr 11 - INNSPEL OM HYTTEFELT OG SMÅBÅTHAMN – KNUTSVIK, JØSNESET

	
Forslagstillar	Geir Natland, Natland Eiendomsutvikling AS
Eigedom/eigar	13/9, Inge Johan Knutsvik – totalt storleik på bruket er 38 daa, 7,3 daa dyrka mark, 2 daa beite, 15 daa produktiv skog
Foreslått planformål	Hyttefelt med ca 18 hytter og småbåthamn til ca 45 båtplasser
Gjeldande planformål	LNF – landbruk, natur og friluftsliv
Arealstorleik	Hyttefeltet: ca 23 daa, Båthamn/parkering/naustboder/veg: ca 2,5 daa
Skildring av området.	Eigdommen ligg attraktivt til mot Ombofjorden; bruket er totalt ca 38 daa, og er eit lite småbruk med våningshus og 2 uthus + 7,3 daa dyrka mark og ca 200 m lang strandlinje. Innspelsområdet er todelt og omfattar nesten heile bruket (med unntak av noko dyrka mark og tunet). Småbåthamn/pakering: gjeld eit område nede ved sjøen som går inn på fulldyrka mark på flaten. Hyttefeltet : ca 500 m frå sjøen, og ligg mellom to utbygde hyttefelt i nord og sør, og området består av bjørk/furu- skog, litt myr og knausar.

VURDERING AV MILJØ OG SAMFUNN

Nr	KU-kategori		Kommentar
1	Natur-mangfald		I vika der småbåthamna skal vere er det registrert tareskog, som er del av ein middels stor tareskogforekomst med verdi A – svært viktig (kartlagd av NIVA) - Er lagt ut som omsynssone naturmiljø i kommuneplan. Det er ikkje planlagt direkte inngrep i forekomsten, men båthavna skal sprengast inn i landområdet. Det vil difor bli indirekte påverknad td iform av slam og lausmassepartiklar, som vil påverke tareskogen, iallfall midlertidig i eit avgrensa område. Det er viktig å ta høgde for dette i prosjektering av båthavna.
2	100-m beltet		Småbåthamna med tilkomstveg/naustboder/p-plass blir plassert i ei vakker urørt strandsone, med dyrka mark innanfor. Det er ein liten gammal steinkai i sør, men denne har pr i dag ingen funksjon og strandsona er intakt slik den har vore i mange tiår. Det er positivt at tiltaket ikkje medfører fylling i sjø; men det er likevel eit stort inngrep i urørt strandsone/dyrka mark. Det er forøvrig òg postivt at tiltaket er eit stort fellestiltak, som vil kome fleire enn berre

			hyttefeltet til gode. Hyttefeltet blir liggande langt frå sjø, og har såleis ikkje negative konsekvensar ift strandsoneverdiae.
3	Kartlagt friluftsliv/FINK		Ikkje registreringar. Det går eit stitråkk (ikkje merka sti) gjennom feltet som er tenkt til framtidige hytter. Dette er sannsynlegvis interne stiar mellom eksisterande hyttefelt i området. Det er ikkje eit tilrettelagd turområde.
4	Landskap (FK)		Øvre del av hyttefeltet ligg på ein flate som er godt skjerma, lite eksponert og blir fortetting mellom to andre felt. Enkelte av dei nedre hyttene i feltet ligg i bratte parti, og kan bli meir eksponert og prega av terrenginngrep. Den skisserte vegen i feltet er enkelte stader lagt i svært bratt terreng, og vil nok bli relativt store inngrep. Små
5	Landbruk		Småbåthamna og p-plassen går langt inn på fulldyrka mark, slik at den samanhengjande flaten blir redusert. Sjølv om dette ikkje er eit aktivt bruk, vil fulldyrka mark gå tapt og dette er i konflikt med jordvern. Konflikten ift landbruksdrift er liten i området der hyttene er plassert: området består av skog og ligg mellom to andre regulerte område til fritidsbustadar, og pr i dag er det ingen drift her.
6	Kulturminne		Midt inne i planlagd hyttefelt er det eit registrert kulturminne som blir sterkt svekka av så mange hytter tett innpå; både foran og bak. Dersom ein legg opp til hytter på alle sider av kulturminnet vil konsekvensen bli sterkt negativt. Konflikten kan reduserast ved å auke avstand frå kulturminnet til hyttene, og/eller redusere tal hytter spesielt i forkant av fornminnet. Ingen konflikt med kulturminner nede ved sjøen.
7	Vegar, vatn og avlaup		Den skisserte vegløysningar vil medføre relativt store terrenginngrep, og ligg enkelte stader i svært bratt terreng slik at enkelte delar av vegen blir svært bratt (lite brukarvennleg) og eksponert. Vegløysinga medfører tilkomst via regulert hyttefelt i nord; noko som vil medføre auka trafikk tett inntil eksisterande hytteeigedommar. Sannsynlegvis ikkje kapasitet i andre/private anlegg i nærleiken. Her må det prosjekterast ei fellesløysing for både vann og avløp.
8	Barnetråkk		
9	Transport		
10	Klima		
11	Folkehelse/ Universell utforming		
12	Fiskeri/hav		
13	Vannmiljø		Opparbeiding av småbåthamn kan påverka tareskog i strandsona. Dette må vurderast og takast omsyn til i planlegginga.

VURDERING AV RISIKO- OG SÅRBARHEIT (ROS)

Nr	KU-kategori	Konfliktgrad	Kommentar
14	Ras/skred		Like bak planlagd hyttefelt er det ein bratt og høg fjellskrent. I nordaust er det eit lite utløpsområde for steinsprang jf aktsomhetskart og eit litt større område ligg i aktsomhetskart – utløpsområde for snøskred. Skredtema må utgreiast meir i detalj.
15	Kvikkleire		Nedre del av hyttefeltet ligg under marin grense, men dette aralet ligg ikkje innafor aktsomhetskart for marin leire. Deler av båthamna/p-plassen ligg innanfor aktsomhetskart marin leire (liten sannsynlegheit). Dette tema må likevel utgreiast nærare i detaljplan.
16	Flaum		Båthamn innafor aktsomhetskart for flaum.

17	Stormflo/ havnivå		Kun småbåthamn som blir berørt.
18	Geotekniske forhold		Kan vere risiko ift småbåthamn i tilfellet marin leire. Sannsynlegvis ikkje aktuelt i hyttefeltet.
19	Høgspent		
20	Trafikkfare		Fleire hytter medfører meir trafikk både på internt hytteveg og på fylkevegen gjennom bygda. Tal hytter er likevel
21	Forureining		

RÅDMANNENS VURDERING:

Innspelet er i tråd med føringane om fortetting/utviding av eksisterande felt ift hytter, og òg i tråd med føring om fellesanlegg ved sjø.

Hyttefeltet ligg mellom to andre eksisterande utbygde hyttefelt, og blir ei rein fortetting. Dei som blir berørt av fortetting her, er dei andre hytteeigarane på begge sider. Elles ligg området usjenert, lite ekponert og godt eigna til hyttebygging; m.o.t sol/utsiktsforhold og god avstand frå sjø.

Den største utfordringa ift hyttefeltet er kulturminnet, som ligg markert og synleg til på ein eksponert haug, Varahaugen, midt i planområdet. Slik forslagstillar har skissert både omfang og plassering av hytter (18 stk) inkl vegstruktur, vil dette medføre sterk konflikt med kulturminnet.

Dersom ein avgrensar tal hytter og vurderer anna vegstruktur med mindre inngrep, meiner rådmannen at det kan gis rom for ei viss avgrensa utbygging. I såfall kan det vere plass til nokre hytter på flaten nedanfor bergskrenten til Varaberget; kanskje 4-5 tomter, samt på det svakt hellande partiet ovanfor myra og Varaberget, kanskje òg 4-5 tomter. Både avstand (30-50 m frå kulturminnet) og terrengforskjellar kan då medvirke til at kulturminnet ikkje blir vesentleg svekka. Dette forutset òg at ein får til vegløyning til det øvre feltet frå eksisterand veg frå nord, og vegløyning til det nedre feltet frå eksisterande veg i sør; slik vil ein då kunne unngå terrenginngrep til veg i mellomområdet der fornminnet ligg. Det må òg unngås utbygging av hytter i dei brattaste partia.

Småbåthamna: dyrka marka på flaten, ca 7daa blir leigd vekk og er i aktiv landbruksdrift. Utsprenging av hamna vil såleis gå på bekosning av 2-3 daa dyrkamark, og restarealet blir såleis vanskelegar å drifte. Forøvrig er det gode moglegheiter til å få til eit godt og lunt fellesanlegg som vil bli lite synleg/eksponert frå sjø. Det er ei naturleg vik inn som er tenkt som innsegling til havna, og tiltaket vil ikkje medføre andre inngrep i ei elles intakt og attraktiv, uberørt strandone. Hamna vil bli liggande bak ein skogkledd bergvegg og nesten ikkje synleg frå sjø. Hamna er planlagd mykje større enn det hyttefeltet treng, men det er positiv om det òg kan vere fellesanlegg for fleire enn berre hyttene (og såleis i tråd med føringane). Det er mangel på båtplasser i bygda (både for hyttefolk og fastbuande), og ein løyser såleis sannsynlegvis eit behov. Det vil bli konflikt ift landbruksdrift, men dette er likevel relativt avgrensa, og det er ei føremon at båthamna kan etablerast utan fyllingar i sjø. Det vil bli eit masseoverskot ift småbåthamna, og det på i detaljreguleringsfasen dokumenterast korleis dette blir


RÅDMANNENS TILRÅDING:

Nei, men ved eventuell ny høyring vil rådmannen tilrå å ta inn innspelet med følgjande vilkår:


Området blir lagt ut som todelt byggeområde fritidsbustader slik vist i skisse under her: maks 10 hytter. Området imellom oppretthaldast som LNF eller grøntstruktur og sjølv kulturminnet sikrast som LNF-underformål kulturminne. Sti gjennom området skal oppretthaldast som gangareal mellom hyttefelt.

Området ved sjøen blir lagt ut som framtidig småbåthamn med tilhøyrande p-plass, og kjøreveg frå nord. Vilkår er at sjølv strandsona forblir uberørt med unntak av sjølv innseglinga i vika inn til hamna.

Krav om felles plan for begge delområda og nærare utgreiing om risikotema.



Merknad nr 37 – INDUSTRIOMRÅDE BARNEVIK - FISTER

 	
Forslagstillar	Fister Bygdaråd
Eigedom/eigar	Knut Barnevik, 73/1. Eksisterande veg frå FV631 til sjøen og kaien er kommunal
Foreslått planformål	Utvide industriområdet ved tømmeropplagskaien austover mot fylkesveg 631
Gjeldande planformål	LNF og regulert landbruk i sør. Grensar inn mot regulert industriområde R56 Barnevik tømmerkai.
Arealstorleik	72 daa
Skildring av området.	I innspelet frå Fister Bygdaråd er ikkje utvidingsområdet definert særskild, men Formannskapet har alt drøfta det, og administrasjonen oppfattar det slik at ein skal sjå på potensialet for å utvide allreie regulert industriområde ved sjøen austover mot fylkesvegen. Utvidingsområdet er pr i dag ubebygd og skogkledd, og det går ein kommunal veg frå fylkesvegen ned til kaien ved sjøen (som òg er kommunal). Eit så sjønært næringsområde bør òg ha eige kaianlegg: ettersom dagens kai er i aktiv bruk som tømmerutskipingskai er det relevant å legge inn forslag om utviding av kaien . Ein foreslår her at utviding av kai skjer sørover, slik at ein slepp etablering av ny veg; dvs nytte felles veg heilt ned. Drifta av eksisterande kai kan då pågå uforstyrta av ev ny kai i sør. Eksisterande kai er i aktiv bruk til tømmeropplag og utskiping av tømmer, og er òg regulert til formålet

VURDERING AV MILJØ OG SAMFUNN

Nr	KU-kategori		Kommentar
1	Natur-mangfald		Det er skog og myr i området, men det er ikkje kartlagd særskilde naturverdiar. Det har ikkje vore gjennomført synfaring i terrenget, så det kan ikkje utelukast at det er naturverdiar i området.
2	100-m beltet		Deler av området blir liggjande i 100mbeltet. Eksisterande veg ligg 30-80 m frå veg, og industriområdet blir liggjande bak vegen. Strandsona mellom veg og sjø blir uberørt, med unntak av utviding av kaiområdet.
3	Kartlagt friluftsliv/FINK		Det er ein sti i området. Ukjent kor mykje denne blir brukt. Området er ikkje kartlagd som friluftområde.
4	Landskap (FK)		Registrert i Vakre Landskap Rogaland, del av Fisterøyane, kategori viktig landskap, høy verdi. Stort inngrep som vil

			endre skogspreget og sannsynlegvis fjerne åsen dersom området skal planerast ut. Kjem litt an på utnyttingssgrad
5	Landbruk		Skog på høg bonitet i området. Lauvskog.
6	Kulturminne		
7	Vegar, vatn og avlaup		
8	Barnetråkk		
9	Transport		Arealet er sjønært, og tilkomst via kommunal veg.
10	Klima		
11	Folkehelse/ Universell utforming		
12	Fiskeri/hav		
13	Vannmiljø		Det renn ein bekk i utkanten av området. Det må takast omsyn til denne i opparbeiding av området, slik at vannmiljøet blir tatt vare på, og ein ikkje får forureining av bekken og utslepp til sjøen.

VURDERING AV RISIKO- OG SÅRBARHEIT (ROS)

Nr	KU-kategori	Konfliktgrad	Kommentar
14	Ras/skred		
15	Kvikkleire		Området ligg under marin grense, men utan fare for marin leire.
16	Flaum		Det renn ein mindre bekk i utkanten av området, men området er ikkje flaumutsett.
17	Stormflo/ havnivå		
18	Geotekniske forhold		
19	Høgspent		
20	Trafikkfare		
21	Forureining		

RÅDMANNENS VURDERING:

Foreslått område for næring + tilhørande kaiområde er lagt inn av administrasjonen på bakgrunn av merknad frå Fister Bygdaråd og diskusjon i Formannskapet. Administrasjonen har ikkje hatt kontakt med grunneigar om tiltaket. Ei eventuell realisering av området er avhengig av vidare regulering og ev avtale med grunneigar.

Området kan vere godt egna til næringsområde, med nærhet til kommunal veg og til sjø. Men det er relativt bratt terreng som vil krevje større terrenginngrep før realisering. Det er vurdert konflikt i forhold til landskap, 100-m sone og landbruk. Pga størrelsen på terrenginngrepet i område oppført høyt verdi i rapporten «Vakre Landskap» så er konfliktgrad til landskap satt til kategori «Sterk konflikt» (rød).

RÅDMANNENS TILRÅDING:

Nei, men ved eventuell ny høyring vil rådmannen tilrå å ta inn innspelet.

ÅRDALSTUNET – utvide næringsområde vestover

	
Forslagstillar	Administrasjonen har lagt inn området på bakgrunn av signal/drøfting i formannskapet
Eigedom/eigar	101/2 m.fl. - Helge Mæle, 101/4(fritidseigedom) – Einar F Hangeland og Anne B.F. Paulsen
Foreslått planformål	Næringsområde
Gjeldande planformål	LNF
Arealstorleik	18 da
Skildring av området.	Grenser mot RV13 og til eksisterande næringsområde. Det er i hovudsak fulldyrka. Det ligg ein fritidseigedom med fritidsbustad inne i området.

VURDERING AV MILJØ OG SAMFUNN

Nr	KU-kategori		Kommentar
1	Natur-mangfold		I artsobservasjonar er det lagt inn eit punkt med fleire fugleobservasjonar, i krysset der det kjem ein gammal gardsveg/traktorveg over frå Mele. Her er registrert fiskemåke, taksvale og stær som alle er raudlista i kategorien «nær trua». Alle er registrert som næringssøknade, altså flygande på leit etter mat. Det betyr at dei ikkje er direkte knytt til dette punktet som hekkeområde.
2	100-m beltet		
3	Kartlagt friluftsliv/FINK		
4	Landskap (FK)		Området ligg innafor «Vakre landskap – Riskedalsvatnet»
5	Landbruk		Største delen av området ligg på fulldyrka jord
6	Kulturminne		Kulturminne inne på fritidseigdommen som ligg i området. Haug/groplokalitet.
7	Vegar, vatn og avlaup		Kommunal vannledning kryssar området. Må takast omsyn til i planlegging av området.
8	Barnetråkk		
9	Transport		
10	Klima		
11	Folkehelse/Universell utforming		
12	Fiskeri/hav		
13	Vannmiljø		Grunnvassførekomst i Årdal. Kunnskap om utbreiing og kvalitet er liten, men næringsaktivitet på området må ikkje føra til forureining av grunnen.

VURDERING AV RISIKO- OG SÅRBARHEIT (ROS)

Nr	KU-kategori	Konfliktgrad	Kommentar
14	Ras/skred		
15	Kvikkleire		Området ligg under marin grense, med stor mulighet for marin leire. Området er flatt noko som reduserar risikoen.
16	Flaum		
17	Stormflo/ havnivå		
18	Geotekniske forhold		
19	Høgspent		
20	Trafikkfare		
21	Forureining		

RÅDMANNENS VURDERING:


Området er lagt inn av administrasjonen etter diskusjon i formannskapet. Administrasjonen har ikkje hatt kontakt med grunneigare om tiltaket. Ei eventuell realisering er avhengig av regulering og ev avtaler med grunneigarar. Fritidsbustaden som ligg i området vil måtte fjernast om den ikkje skal bli liggande midt inne i eit større næringsområde.

Tiltaket kjem i Sterk (rød) konflikt med landbruk, samt middels(gul) konflikt med kulturminne og avlaup.


RÅDMANNENS TILRÅDING:

Nei, sjølv om det det blir ei ny høyring, vil ein ikkje tilrå å ta inn innspelet pga konfliktnivå

Merknad nr 7 - INNSPEL OM UTVIDING REISELIVSOMRÅDE RL6, ØYEHABN, RANDØY



Kommuneplan 2011 m innspel (grøn) til 1.gong



Utvidingsområdet i sør er markert rødt

Forslagstillar	Lasse Vadla
Eigedom/eigar	2/1 Lasse Vadla
Foreslått planformål	Utvide reiselivsområde sørover + gi rom for faste reiselivsbygg
Gjeldande planformål	LNF
Arealstorleik	Ca 10 daa
Skildring av området.	2/1 er ein liten jordbrukseigedom med litt over 20 daa dyrka mark. Tunet ligg inst inne i Øyehabn, der reiselivsområdet er lagt inn. Utvidingsområdet går sørover i dels skog og litt dyrka mark. I høyringsutkastet ligg det inne eit reiselivsområde RL6, der det ikkje er gitt rom for faste bygg, berre midlertidige overnattningseiningar som telt/lavoar/campingvogner/bubilar.

VURDERING AV MILJØ OG SAMFUNN

Nr	KU-kategori		
1	Natur-mangfald		
2	Vannmiljø		
2	100-m beltet		
3	Kartlagt friluftsliv/FINK		
4	Landskap (FK)		
5	Landbruk		2 da fulldyrka, resten blandingsskog
6	Kulturminne		
7	Vegar, vatn og avlaup		
8	Barnetråkk		

9	Transport		
10	Klima		
11	Folkehelse/ Universell utforming		

VURDERING AV RISIKO- OG SÅRBARHEIT (ROS)

Nr	KU-kategori	Konfliktgrad	Kommentar
12	Ras/skred		
13	Kvikkleire		
14	Flaum		
15	Stormflo/ havnivå		
16	Geotekniske forhold		
17	Høgspent		
18	Trafikkfare		
19	Forureining		

RÅDMANNENS VURDERING:


Tiltaket har lite konflikter både knytt til miljø og samfunn og risiko- og sårbarhet

RÅDMANNENS TILRÅDING:

Nei, men ved eventuell ny høyring vil rådmannen tilrå å ta inn innspelet.

.

Merknad nr 62 INNSPEL OM UTVIDING SMÅBÅTHAMN + FORTETTING 4 HYTTER, EIKELID; FISTER

	
Forslagstillar	Ann Kristin Eikelid
Eigedom/eigar	85/4 Ann Kristin Eikelid
Foreslått planformål	Utvide småbåthamn austover ut i LNF, Fortette med 4 hytter
Gjeldande planformål	LNF der småbåthamna er tenkt utvida Regulert hyttefelt der fortettinga er tenkt
Arealstorleik	
Skildring av området.	Sørvendt/sjøvendt hyttefelt som er regulert, men ikkje utbygd

VURDERING AV MILJØ OG SAMFUNN

Nr	KU-kategori		
1	Natur-mangfold		
2	Vannmiljø		
2	100-m beltet		
3	Kartlagt friluftsliv/FINK		
4	Landskap (FK)		
5	Landbruk		
6	Kulturminne		
7	Vegar, vatn og avlaup		
8	Barnetråkk		
9	Transport		
10	Klima		
11	Folkehelse/ Universell utforming		

VURDERING AV RISIKO- OG SÅRBARHEIT (ROS)

Nr	KU-kategori	Konfliktgrad	Kommentar
12	Ras/skred		
13	Kvikkleire		
14	Flaum		

15	Stormflo/ havnivå		
16	Geotekniske forhold		
17	Høgspen		
18	Trafikkfare		
19	Forureining		

RÅDMANNENS VURDERING:

Småbåthamna var viktig del av reguleringsplanprosessen, som alt er vedtatt. Innspelet er lite skildra eller konsekvensutgreidd, og er dermed vanskeleg å ta stilling til nå. Ei løysing kan vere å handtere ev flytting av småbåthamna som ei vesentleg reguleringsendring i ein eigen sak. Då må betre dokumentasjonsgrunnlag i såfall føreliggje.

Fortetting av fritidsbustader i regulert område kan uansett handterast som ei vesentleg endring. Men tal hytter må samtidig sjåast i samanheng med dimensjonering av smbåtanlegget (nok båtplasser til alle hytter)

RÅDMANNENS TILRÅDING:

Tilrås ikkje nå, kan eventuelt vurderast gjennom reguleringsendring

